



Surnadal kommune
Bårdshaugvegen 1
6650 SURNADAL

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref: 26/6112 - 26/25190	Vår saksbehandlar: Synnøve Valle - 712 80 239	Dato: 20.02.2026
-------------	--------------	-----------------------------	---	------------------

Høyringsvar - Surnadal kommune - detaljregulering - reguleringsplan for nytt helsehus i Surnadal - fråsegn til oppstart

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld oppstart av regulering i samband med nytt helsehus i Surnadal. Formålet med planen er å leggje til rette for etablering av nytt helsehus med tilhøyrande infrastruktur.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Samferdsel

Fylkesveg 6152 ved planområdet

Fylkesveg 6152 har på strekninga ein gjennomsnittleg årsdøgntrafikk på 4000 køyretøy og fartsgrensa er 40 km/t. Fylkesvegen er i rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrensar gitt haldningsklasse 3 – mindre streng med byggegrense 30 meter målt frå senterlinje veg.

Køyretilkomst

Det varsla planområdet er knytt til fylkesvegnettet via kommunal veg. Det er verken planinitiativ eller referat frå oppstartsmøte, men ut frå utomhusplanen les vi at det er tenkt tilkomst til planområdet frå fylkesveg 6152 *Skeivegen* både via *Bårdshaugvegen* og *Moavegen*.

Det må bli tatt stilling til og vurdert om kryssa mellom dei kommunale vegane *Bårdshaugvegen* og *Moavegen* x fv. 6152 *Skeivegen*, er tilstrekkeleg dimensjonerte, drifta og vedlikehaldne for å handtere den auka trafikken som reguleringsplanen kan medføre. Vi er kjende med at krysset *Skeivegen* x *Moavegen* er uoversiktleg for både bilistar og mjuke trafikantar, og at det er behov for opprydding og betre trafikkregulering. Dagens løysing er utflytande, og det må etablerast eit tydeleg skilje mellom køyrande og mjuke trafikantar. Ved auka trafikkmengde i krysset *Moavegen* x fv. 6152 må krysset strammast opp. Kryss må vere utforma i samsvar med krav gitt i Statens vegvesen si handbok N100, mellom anna kravet til stoppsikt i kryss. Eventuelle behov for utbetring må bli stilt som rekkefølgjekrav. Vi registrerer òg at belysninga i kryssområdet er mangelfull.

Støy

Delar av planområdet er utsett for vegtrafikkstøy frå fylkesveg 65, og ligg innanfor gul støysone. Forhold knytt til støy må bli vurdert i planforslaget, og grenseverdiane for støy i Klima- og miljøverndepartementet sitt rundskriv [T-1442](#) må bli tilfredsstillt. Planforslaget må inkludere støysoner og føresegnar, og avbøtande tiltak knytt til støy må bli sikra med rekkefølgjeføresegn, jf. plan- og bygningslova § 12-7.

Fråvik

Dersom planforslaget krev fråvik, må fråviket vere behandla før planforslaget kan bli vedtatt. Om fråvik ikkje blir avklart tidleg nok, kan fråvik som ikkje blir godkjent føre til forseinkingar i planprosessen. Ta gjerne kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune ved spørsmål om fråvik og fråviksbehandling. For nærare informasjon om søknadsskjema og rettleiing, sjå: [Korleis søke om fråvik frå vegnormalane \(mrfylke.no\)](#).

Konsekvensar av fråvik skal utdypast i fråviksskjemaet i forhold til løysingar utan fråvik. Søkaren skal vurdere alternative eller avbøtande tiltak for å redusere eventuelle negative konsekvensar av fråviket. Konsekvensane skal vere objektivt framstilt og i størst mogleg grad kvantifiserte.

Tidleg dialog

Vi oppfordrar til tidleg dialog om dette planforslaget, gjerne i forkant av offentleg ettersyn. Tidleg dialog kan luke ut grunnlag for motsegn til planforslaget.

Kulturminne frå nyare tid

I planområdet er det eit kulturminne frå andre verdskrig som ikkje er å finne i Askeladden, eller Kulturminnesøk. Vi rår kommunen til å ha ei H570- sone for bevaring kulturmiljø med føresegn for kulturminne innafor planområdet. Kulturminnet er ved terrassekanten mot nordvest i planområdet, nært eksisterande veg og er ikkje direkte påverka av dei nye tiltaka i planen.

Automatisk freda kulturminne

Deler av gjeldande reguleringsplan vart arkeologisk registrert i 2005. Området var alt bebygd og registreringa vart avgrensa til dei nye utbyggingsområda på gnr. 35 bnr. 99, 258, 265, og, 266. Det vart då påvist eit busetjings- og aktivitetsområde ID 91389-1 med funn av blant anna stolpehol, eldstader og kokegroper. Det vart gitt dispensasjon frå kulturminnelova med vilkår om arkeologisk utgraving. ID 91389-1 har status som frigitt – fjerna. På gnr. 35 bnr. 137 er det tidlegare gjort funn av ein kniv i flint, (ID 35622-1, T12427).

Vi vurderer at området kor ein planlegg nye utbyggingstiltak i reguleringsplan for nytt helsehus i Surnadal har potensiale for nye funn av bronsealder-jernalder og mellomalder, som ligg skjult under markoverflata. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i kulturminnelova (KML) for dei områda som ein i ny plan ønsker å omregulere frå reint bustadformål til kombinert tenesteyting/bustadformål på gnr. 35 bnr. 155, 161, 163, 168, 169, og 35/19, 18, 112, samt område for planlagt ny fløy/tilbygg på autsida av eksisterande bygg gnr. 35 bnr. 142 som er planlagt å gå inn på gnr. 35 bnr. 163. Den arkeologiske registreringa må gjennomførast før den endelege planen eventuelt kan godkjennast.

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett (sjå vedlegg), i tråd med nye nasjonale retningsliner for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Dette er eit maksimumsbudsjett, men vi tek atterhald om at vesentlege uførutsette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett.

Det vil i delar av planområdet vere aktuelt å sjakte med maskin etter buplassar, graver og andre automatisk freda kulturminne under markoverflata. Vårt budsjett omfattar ikkje kostnadar til gravemaskin og førar. Ved ønske kan vi hjelpe til med å skaffe dette til veie, men rår elles til at tiltakshavar sjølv ordnar dette, då det vil bli rimelegare for tiltakshavar. Gravemaskina bør helst vere 10-12 tonn og ha vribar skuff med flatt skjær på minst 1,0 meter breidde. Vi gjer merksam på at eventuell tilsåing og reparasjon av gjerde, vegar og dreneringsgrøfter er tiltakshavar sitt ansvar dersom ikkje anna er avtalt.

Ved arbeid på og langs veg viser vi til Handbok N301, og føringane kring varsling og sikring. Det må på førehand vere avklart i samband med rutineane kring arbeidsvarsling og risikovurdering. Vi gjer merksam på at maskinførarar må ha bevis for gjennomført Arbeidsvarslingskurs 1 for arbeid på og ved veg.

Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som mogleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen vert utforma. Om ein utsett registreringa til planen er ute til offentleg ettersyn, kan dette forseinke saksgangen fram mot endeleg planvedtak.

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Vi gjer merksam på at dersom grunneigar(ar) nektar fylkeskommunen tilgjenge til sin eigedom, kan ikkje registreringa gjennomførast der før tiltakshavar har skaffe nødvendig tilgjenge til dei områdene det gjeld. Ved bruk av gravemaskin føreset vi også at tiltakshavar klarerer forholdet til eventuelle kablar, vassleidningar m.m. Sjå vedlagte akseptskjema, vi ber om at dette blir utfylt, signert og sendt tilbake til oss ved bestilling av arkeologisk registrering. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura.

Alle korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrapport. Skulle det vere ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrapporten i papirutgåve, må dette etterspørjast.

Det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidlegare år.

KONKLUSJON

Vi viser til merknadene over:

- Samferdsel: Vi viser til merknadene og oppfordrar til tidleg dialog om dette planforslaget, gjerne i forkant av offentleg ettersyn. Tidleg dialog kan luke ut grunnlag for motsegn til planforslaget.
- Nyare tids kulturminne: Vi rår kommunen til å ha ei H570- sone for bevaring kulturmiljø med føresegn for kulturminne innafor planområdet.
- Automatisk freda kulturminne: Vi stiller krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i kulturminnelova.

Med helsing

Björn Gregull
fagleiar kommunal planlegging

Synnøve Valle
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal

Vedlegg:
§ 9 budsjett reguleringsplan for nytt helsehus Surnadal
AKSEPTSKJEMA MRFYLKE ARKEOLOGI - Reguleringsplan for nytt helsehus i Surnadal

Fagsaksbehandlarar:
Samferdsel: rådgivar Mona Skram Rustad
Nyare tids kulturminne: rådgivar Anna Eline Eneberg
Automatisk freda kulturminne: arkeolog Guro Dehli Sanden

Oversikt over fagsaksbehandlarar finn du på [fylkeskommunen sine nettsider](#).



Surnadal / Møre og Romsdal

Eiendommer

Gnr/Bnr/Fnr/Snr

35/112/0/0

Bruksnavn

SKOGLY III

Eiere

SURNADAL KOMMUNE

(964981892)

Hjemmelshaver

Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL

1566/35/112/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr

35/236/0/0

Adresse(r)

Bårdshaugvegen 16D, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 16C, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 16B, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 16A, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 4, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 12D, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 12C, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 12B, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 12A, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 10B, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 10A, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 18D, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 18C, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 18B, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 18A, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 14D, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 14C, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 14B, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 14A, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 2, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 8B, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 8A, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 6E, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 6D, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 6C, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 6B, 6650 SURNADAL

Bårdshaugvegen 6A, 6650 SURNADAL

Eiere

BÅRDSHAUGEN BORETTSLAG

(954136523)

Hjemmelshaver

Postboks 58, 6601 SUNNDALSØRA

1566/35/236/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr

35/19/0/0

Bruksnavn

SKOGLY NR.2

Eiere

SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/19/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/309/0/0
Eiere
Bårdshaugen Barnehage AS
(946352004)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 25, 6650 SURNADAL
1566/35/309/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/155/1/0
Bruksnavn
KRÅÅ
Adresse(r)
Bårdshaugvegen 29, 6650 SURNADAL
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Fester
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/155/1/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/161/0/0
Bruksnavn
STENSBY
Adresse(r)
Bårdshaugvegen 33, 6650 SURNADAL
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/161/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/222/0/0
Bruksnavn
ALDERSHEIMEN IV
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/222/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/99/0/0
Bruksnavn
SKEIMOEN
Adresse(r)
Moavegen 37, 6650 SURNADAL
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)

Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/99/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/223/0/0
Bruksnavn
ALDERSHEIMEN V
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/223/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/155/0/0
Bruksnavn
AUSTBØ
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/155/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/7/0/0
Bruksnavn
SKEI
Adresse(r)
Skeivegen 1B, 6650 SURNADAL
Moabrekka 52, 6650 SURNADAL
Skeivegen 1A, 6650 SURNADAL
Eiere
SKEI MALI
Hjemmelshaver
MOABREKKA 1, 6650 SURNADAL
1566/35/7/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/168/0/0
Bruksnavn
BÅRDSBU
Adresse(r)
Bårdshaugvegen 27, 6650 SURNADAL
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/168/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/18/0/0
Bruksnavn
SKOGLY
Adresse(r)
Moavegen 31, 6650 SURNADAL
Eiere

SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/18/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/169/0/0
Bruksnavn
BÅRDSLY
Adresse(r)
Bårdshaugvegen 31, 6650 SURNADAL
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/169/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/106/0/0
Bruksnavn
TORGETSBU
Adresse(r)
Moavegen 12, 6650 SURNADAL
Eiere
HAUGEN TERJE
Hjemmelshaver
Moavegen 12, 6650 SURNADAL
1566/35/106/0/0
HAUGEN JANNE HUSBY
Hjemmelshaver
Moavegen 12, 6650 SURNADAL
1566/35/106/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/233/0/0
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/233/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/13/0/0
Bruksnavn
OPPISTUEN
Adresse(r)
Røssmovegen 40, 6650 SURNADAL
Røssmovegen 42, 6650 SURNADAL
Eiere
RØV RONALD
Hjemmelshaver
Røssmovegen 42, 6650 SURNADAL
1566/35/13/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/163/0/0
Bruksnavn
PENSJONÆRHEIMEN

Adresse(r)
Bårdshaugvegen 20D, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 20C, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 20B, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 20A, 6650 SURNADAL
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/163/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/164/0/0
Bruksnavn
SÆTHERHAUG
Adresse(r)
Bårdshaugvegen 25, 6650 SURNADAL
Eiere
Bårdshaugen Barnehage AS
(946352004)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 25, 6650 SURNADAL
1566/35/164/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/142/0/0
Bruksnavn
ALDERSHEIMEN II
Adresse(r)
Bårdshaugvegen 22, 6650 SURNADAL
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/142/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/266/0/0
Adresse(r)
Moavegen 29, 6650 SURNADAL
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/266/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/265/0/0
Adresse(r)
Moavegen 27, 6650 SURNADAL
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/265/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr

35/152/0/0
Bruksnavn
BÅRDSHAUGVEGEN I
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/152/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/242/0/0
Adresse(r)
Moavegen 35, 6650 SURNADAL
Moavegen 33, 6650 SURNADAL
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/242/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/258/0/0
Adresse(r)
Moavegen 39, 6650 SURNADAL
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/258/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr
35/137/0/0
Bruksnavn
SJUKEHEIMEN
Adresse(r)
Bårdshaugvegen 35K, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 35J, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 35I, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 35H, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 35G, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 35F, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 35P, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 35O, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 35N, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 35M, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 35L, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 35E, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 35D, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 35C, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 35B, 6650 SURNADAL
Bårdshaugvegen 35A, 6650 SURNADAL
Eiere
SURNADAL KOMMUNE
(964981892)
Hjemmelshaver
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
1566/35/137/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr

35/200/0/0

Bruksnavn

BÅRDSHAUGVEGEN VI

Eiere

SURNADAL KOMMUNE

(964981892)

Hjemmelshaver

Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL

1566/35/200/0/0

Gnr/Bnr/Fnr/Snr

35/124/0/0

Bruksnavn

HAGEN

Adresse(r)

Moavegen 14, 6650 SURNADAL

Eiere

SKOGHEIM INGE

Hjemmelshaver

Moavegen 14, 6650 SURNADAL

1566/35/124/0/0



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

PKA ARKITEKTER AS
Brattørgt 5
7010 TRONDHEIM

Vår dato: 26.02.2026
Vår ref.: 202602833-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 26/00024

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE sitt innspel til varsel om planoppstart for detaljregulering av Surnadal helsehus - gnr. 35 bnr. 142 i Surnadal kommune

Vi viser til brev datert 03.02.2026. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for Surnadal helsehus - gnr. 35 bnr. 142 i Surnadal kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for nytt helsehus med tilhøyrande infrastruktur.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sine innspel

Fare for kvikkleireskred

Planområdet ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred, jf. [NVE Atlas](#). Fare for områdeskred av kvikkleire må avklarast i planarbeidet. NVE rår til at prosedyren i NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) kap. 3.2 vert nytta så langt som naudsynt for å avklare om skredfaren er reell.

Overvasshandtering

Meir utbygging i nedbørfeltet gir større del tette flater. Dette kan føre til større avrenningsfart og større mengder vatn på terrengoverflata (overvatn). Ein slik auke kan i verste fall føre til flaum i byggeområda og i vassdraga. Det er viktig å vere merksam på at ny utbygging også kan vere til hinder for avrenning ovanifrå, som igjen kan føre til skader på bygningar og/eller leie overvatnet til stader som ikkje er ynskjeleg.



Eit viktig prinsipp for overvassløysingar er å bidra til så «naturlike» forhold som mogeleg. Opne løysingar er betre enn lukka løysingar. De må også avklare og ta omsyn til klimaendringane sin verknad på avrenninga.

De bør kartlegge eksisterande avrenningslinjer i og ved planområdet. Dersom det er nødvendig med konkrete krav om infiltrasjon og dryging av overvatn innanfor planområdet fordi nedstrøms kapasitet er for dårleg, rår vi til at tiltaka vert innarbeidd i plankartet og føresegnene. Framtidige flaumveggar for trygg avleiing av overvatn bør visast i plankartet og sikrast tilstrekkeleg kapasitet.

Vi viser til [NVE 4/2022 Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar](#) som gir råd for overvasshandtering i arbeid med reguleringsplanar. NVE har også publisert rettleiar [2/2023 Kartlegging av fare for overvann](#) som kan være til nytte i arbeidet.

Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse tema blir vurdert i planarbeidet.

Meld inn fareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredningar](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredningar - NVE](#).

NVE si oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE. NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør



Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

PKA ARKITEKTER AS

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Møre og Romsdal fylkeskommune

SURNADAL KOMMUNE



SURNADAL KOMMUNE AREAL OG
NATURFORVALTNING
Bårdshaugvegen 1
6650 SURNADAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Yngvild Meinseth, 71 25 85 18

Surnadal kommune

Gnr35 bnr142 m.fl. - detaljregulering Surnadal helsehus

Uttale til varsel om oppstart

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Varsel om oppstart for detaljreguleringsplan for Surnadal helsehus, er sendt på høyring. Målsetting med planarbeidet er å legge til rette for etablering av nytt helsehus med tilhøyrande infrastruktur. Planområdet er på om lag 34 daa. Ny reguleringsplan vil erstatte delar av dagens reguleringsplan Plan-id: 200500002, plannamn Skei-Grimsmo, endring Skeismoen m.m.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser det er starta på ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «[Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging](#)». *Eit gjennomgåande krav til ROS-analysen er at alle kjelder, føresetnadar og resonnement bak konklusjonane skal vere dokumenterte og kunne etterprøvast.*

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer merksam på «[Statlege planretningsliner for klima og energi](#)» (SPR). Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. «[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.

Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem. Varetaking av arealbruk med verdi for klimatilpassing kan òg medverke til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det skal grunngjevast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til [korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar](#).

Universell utforming/CRPD

Vi går ut frå at dette perspektivet allereie er langt framme i den pågåande planprosessen, men minner likevel om fokuset som bør vere på universell utforming for slike prosjekt, både ut frå funksjon som heim, arbeidsplass og helseinstitusjon. Også implementering av utformingstips for miljø tilpassa menneske med demens vil vere svært aktuelt i denne samanhengen.

Vi gjer vidare merksam på at Norge har forplikta seg til å følge FN sin konvensjon for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD/Convention on the Rights of Persons with Disabilities). Konvensjonen skal sikre at personar med funksjonsnedsetting får oppfylt sine menneskerettar, og ikkje blir diskriminert på grunn av nedsett funksjonsevne. Kommunane spelar ein viktig rolle for korleis våre pliktar etter CRPD-konvensjonen blir fylgt opp, og skal i størst mogleg grad planlegge for eit samfunn som inkluderer alle.

Konklusjon

Vi ber om at innspela blir teke omsyn til vidare i planprosessen.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Yngvild Meinseth
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggjeik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
STATENS VEGVESEN

Postboks 2500
Postboks 8142 Dep

6404 Molde
0033 OSLO